

Ny besøksrekord for TI-aren: 74!

30.09.2008



Husnes-flokken under passeringa av Rabben Feriesenter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Cafe TI-aren i Gamleskolen får stadig kraftigare vind i segla: Denne tysdag vart det sett ein ny, imponerende besøksrekord. 74 var innom og dei var i alle aldrar, frå nokre få månader og til over åtti**



Lillian Stensletten, busett på Kaldestad, gjekk i Gamleskulen i sju år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Imponerende, denne rekorden blir ikkje så lett å slå, medga ein av eldsjelane bak tiltaket, Berit Karriet Døssland. Denne gongen var ho turleiar saman med Berit Helene Myklebust. Dei vandra i spissen for ein Husnes-delegasjon på 27 gjennom sentrale delar av Uskedalen og var mellom anna innom Flatholm og båthamnane. Husnesingane var på Uskedalsbesøk også i fjor og som den gongen var eit kafebesøk ein sentral post på programmet. Dei runda av med besøk på AFA denne gongen.

Sørøst Pensjonistforening med avleggjarar er på utflukt kvar einaste tysdag året igjennom. For det meste vandrar dei gjennom heimlege trakter som Handelandsdalen, langs postvegen, i Bogsnæsåsen og etter Sørøst-løypa. Men dei har vore så langt avgårde som i Steinparken i Rosendal. Aksent er siste stopp når dei er heime på Husnes. Men dei set også stor pris på å lufta seg litt og var svært begeistra etter Uskedal-besøket.

Ein i Husnes-flokken som hadde heilt spesielle kjensler under besøket i Gamleskulen var Lillian Stensletten som er frå Uskedalen men busett på Kaldestad. Ho gjekk sju år på skulen i dette huset – frå 1930 til 1937 - og minnst Grano frå ho var berre halvmeteren lang!

Den nest største flokken i Gamleskulen tysdag var mødregjengen med babyane sine. Denne gongen tumla ni babyar seg på mattane i "bakrommet" og både born og mødre hadde det riktig triveleg. Mødrene er einige om at dette er "ein kjempekjekk plass å møtast til mat og prat" som ein av dei seier det til Kvinnheringen.

- Her er leiker og god boltreplass for dei minste, ikkje minst takka vera to flotte treningsmattar som helselaget har kjøpt inn til føremålet, legg ho til.

Vertskapet denne tysdagen var Esther Mørstad, Erna Ljosnes og Berit Arnesen. Dei hadde det styggtravelt med å servera rundstykkjer og sveler, men det gjorde ingenting for dette var eit klart høgdepunkt i dette sosiale tiltaket.

Av Ola Matti Mathisen



Gamleskulen var fylt nesten til siste plass denne tysdagen. (Foto. Ola Matti Mathisen)